

## **REFERAT FRÅ FAU-MØTE VED KLEPP UNGDOMSSKULE 20.FEBRUAR 2017**

Tilstades: Øyvind Braut, Gunnvald Salte Falkum, Thomas Hebo, Elin Oftedal Braut, Kjetil Mykjebust og Elisabeth Soma Håland via Skype.

### **Sak 1: Godkjenning av referat.**

Referatet blei godkjent.

### **Sak 2: Informasjon frå rektor:**

€Rektor, Marit Sørensen, er delvis sjukmeldt. Dette vert løyst ved at Kjetil Myklebust, assisterande rektor, har overteke ein del av ansvaret hennar. I tillegg er det nokre omrokkingar i leiinga.

€Det har vore mykje positiv tilbakemelding til skulen i etterkant av nyttårsballet.

€Elevundersøkinga: Dette er eit stort materiale som Marit har lyst å seie noko meir utfyllande om på neste FAU-møte. Det kan likevel nemnast at skulen kjem godt ut av det som har med mobbing å gjere, men at dei har ein utfordring med dalande motivasjon i løpet av 10.trinn.

### **Sak 2: Partnerskap mot mobbing:**

Thomas og Elin deltok på møte angåande Partnerskap mot mobbing i januar. Der møtte og representantar frå Kleppe skule, barnehagar, ulike FAU, Klepp Idrettslag, Kyrkja og Elevrådet. Det var mykje god diskusjon og mange gode meiningsutvekslingar på møtet, og alle instansane fekk høve til å fortelje om korleis dei jobbar med mobbing på sin arena. Det vart avtalt nytt møte den 2.mai 2017. Før det skal dei ulike deltakarane bestemme seg for noko dei vil jobbe vidare med isamband med partnerskapet. Me i FAU ønskjer at alle foreldrekontaktane på skulen har emnet mobbing på agendaen på foreldramøta hausten 2017. Korleis det skal gjerast vil me diskutera meir konkret på neste FAU-møte.

### **Sak 3: Evaluering av nyttårsball:**

Det har vore mykje god tilbakemelding angåande nyttårsballet, både frå elevar og vaksne. Elisabeth har hatt evalueringsmøte med elevrådet i etterkant, og dei var stort sett veldig fornøgd med arrangementet. Oppmøte av vakter var kjempebra, og det var god info i forkant av ballet. Har og fått masse skryt av den gode DJ-en.

I etterkant av ballet er det forsvunne ei sekketralle som tilhøyrer Våland. Øyvind tek kontakt med politiet for å høre om dei har fått inn ei sekketralle. Dersom den ikkje dukkar opp må FAU erstatte den.

### **Sak 4: Info frå Kommunalt FAU:**

Det var mykje fokus på ein enkeltsak frå ein barnehage i Klepp. Ellers ingen store saker.

**Sak 5: Igangsetjing av komite til 10.klassefest:**

Gunnvald og Thomas kaller inn foreldrekontaktane til 10.trinn til oppstartsmøte ein gong før påskeferien.

**Sak 6: Trafikksikkerhetsplan for 2017-2020**

Dei skulevegane elevane våre bruker er ifølge planen ikkje ihøyrisikosonen, og FAU har difor ingen kommentarar til planen.

**Sak 7: Eventuelt**

Ungdomsmiljøet på Klepp. Me hadde ein liten diskusjon rundt dette, og blei enige om at me ønsker å ha dette som ein større sak på neste FAU-møte.

Neste FAU-møte er måndag 27.mars kl.18.30.

Saker:

- €Partnerskap mot mobbing
- €Ungdomsmiljøet på Klepp
- €Oppfølgingsmøte 10.klassefesten

Referent – Elin Oftedal Braut